



STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 18.08.2017
Vår ref.: 2017/13521-8
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Att. Torsvik Eva-Beate Rundereim

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering av Fv. 245 Fosse - Moldekleiv - Meland kommune

Vi viser til brev (e-post) datert 29.06.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for fv 245 på strekninga Fosse-Moldekleiv i Meland kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å utbetre dagens veg og etablering av gang- og sykkeltilbod på strekninga. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Automatisk freda kulturminne

Sør i planområde, på Fosse, var det frå før kjend ein steinalderlokalitet med uavklart vernestatus, Askeladden id. 151124. Hordaland fylkeskommune gjennomførte 16.06. og 29.06.2017 ei mindre arkeologisk registrering for å avklare statusen til kulturminnet. Lokaliteten er automatisk freda, og avgrensing av denne er no justert i tråd med resultat frå registreringa. Vi ber difor om et ein tar omsyn til det automatisk freda kulturminnet i vidare planlegging.

Den 15.08.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Då delar av det aktuelle arealet har potensial for nye funn, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Arbeidsomfanget er rekna til 20 dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skriving av rapport. Registreringa vil verte utført ved maskinell flateavdekking, prøvestikking med spade og overflatesøk. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil verte ført tilbake. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturerert for medgått tid.

Nyare tids kulturminne

Det er kjend fleire SEFRAK-registrerte bygg i planområde. Nokre av dei, som til dømes ei løe på Sunde/Littlebergen og ein jordkjellar på Moldeklev, begge frå før 1850, ligg tett att med eksisterande fylkesveg. Det må også vurderast om nokre av kulturminne bør få ei omsynssone H750, der ein sikrar kulturmiljø og einskilde kulturminne knytt opp mot landskap.

Innspel frå Bergens Sjøfartsmuseum

Bergens Sjøfartsmuseum skriv i e-post datert 15.08.2017:

«Plangrensa for reguleringa går ut i sjø mot indre leia. Det er i nærområda gjort fleire funn av kulturminne under vatn, mellom anna ID 123730 Littlebergen. Reguleringsområdet inneholder stadsnamn som Jektevika og Krossnes som er indikatorar på potensielle for kulturminne under vatn.

Om reguleringa vil opne for inngrep i sjø i form av utfylling/ deponering, mudring eller graving vil Bergens Sjøfartsmuseum kreve å gjere ei arkeologisk registrering under vatn jfr. kulturminneloven § 9 om undersøkelsesplikten. Dette gjeld og om slike inngrep vil vere midlertidige i anleggsfasen. Om reguleringa ikkje vil opne for nevnte inngrep anbefaler vi at plangrensa går i flomålet og ikkje i sjøen.

Vi ber om å få planen til uttale på offentleg høring.»

Samferdsel

Prosjektet inngår i Nordhordlandspakken og vil trygge tilhøva for mjuke trafikantar på ein smal veg med mange kryssingspunkt. Risikoene for trafikkulykker aukar sterkt med talet på avkjørsler og ein standard som ikkje er tilfredstillande. Difor er det viktig at prosjektet har ei målsetting om å utbetre og stramme opp, og gjerne sanere avkjørsler knytt til fylkesvegen. Langs den 3,5 km strekninga er det fleire haldeplassar, og her er det behov for å utgreie kva utbetringer som er hensiktssmessig for å sikre trygg tilkomst til haldeplassane og utbetringer som gir betre tilhøve for kollektivtransporten. Som kollektivansvarleg ber Hordaland fylkeskommune og Skyss om dialog når det gjeld utbetringer og endringar som får konsekvensar for kollektivtransporten.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samferdsel, kollektivtransport og kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Inger Lena Gåsemyr, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

MELAND KOMMUNE